



Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Lunde turiststasjon
Dato:	25.04.2022
Tidspunkt:	10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen til det andre møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2022.

Møtet finn stad måndag 25.april kl 10:00 ved Lunde turiststasjon i Jølster, der vi vil få servert god lunsj med lokale råvarer!

Det vert synfaring ved parkeringa i Lundebotnen ved stistart til Lundeskaret for å sjå området som er under regulering ved starten på Fjærlandstunellen. Dersom vertilhøva tillet det kan det vere aktuelt å gå eit lite stykke av stien mot Lundeskaret. Kle deg etter været og ta gjerne med gode sko!

Jostedalsbreen AS vil på møtet presentere planane om gondol frå Lunde til Tverrfjellet for styret.

Vi håpar å vere ferdige med møtet i god tid før kl 15:00.

Kari Synnøve har meldt forfall til dette møtet, men vara vert kalla inn.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltarane, Marthe på tlf 91 71 95 51 eller Tor Arne 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing
Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 10/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/22	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 12/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 14/22	Kampanjespredning på sosiale medier		2022/363
RS 15/22	Tilskot til Skålastilaget 2022 - Nasjonale turiststiar		2022/1948
RS 16/22	Utbetaling av tilskot til Bremuseet - implementering av merkevaren i Breturkartet		2022/363
ST 13/22	Delegerte saker		
DS 1/22	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for tal snøscooterar i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet		2019/8670
ST 14/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Kattanakken - Skilting og sikringstiltak på sti		2022/4877
ST 15/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - rettleiar for bruk av kommersiell logo i Jostedalsbreen nasjonalpark		2022/4022

Orienteringar i møte:

1. Status planlegging av tiltak
2. Oppstartsmøte skjøtselsplan Tungestølen
3. Status skjøtselsplan Strynedalane
4. Fotokonkurranse
5. Statsrådvitjing
6. 30års markeringar ved nasjonalparksentera
7. Dato styremøter resten av året
8. Vegskilting i Olden
9. SNO sidan sist
10. Møte med merkevaregruppa om innfallsportar
11. JOSTICE – feltaktivitet
12. Regional samling i regi av SNO i Loen
13. Status kartbrosjyre
14. Mediasaker sidan sist
15. Drøftingssak: Delegerte saker

ST 10/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 11/22 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar
ST 12/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 14/22 Kampanjespredning på sosiale medier
RS 15/22 Tilskot til Skålastilaget 2022 - Nasjonale turiststiar
RS 16/22 Utbetaling av tilskot til Bremuseet - implementering av merkevaren i Breturkartet
ST 13/22 Delegerte saker



Arkivsaksnr: 2019/8670-0
Sakshandsamar: Marthe Gjerde
Dato: 17.03.2022

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for tal snøscooterar i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt datert 7. september 2015 vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, å gje Høgskulen på Vestlandet v/ Mette Gillespie utvida løyve til at i alt 7 snøscooterar kan nyttast i perioden 19/3 – 13/4/22 for radarmåling i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet. Vilååra i rammeløyvet av 21.01.2022 er framleis gjeldande.

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve, med unntak av at det er opna for at i alt 7 snøscooterar kan nyttast i perioden 19/3 – 13/4/22, éin (1) snøscooter meir enn i opphavleg løyve.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Telefonsamtale og søknad på e-post frå HVL v/ Mette K. Gillespie datert 15.03.2022
- Rammeløyve motorisert ferdsle i JOSTICE-prosjektet datert 21.01.2022

Søknaden



Mette Gillespie ved Høgskulen på Vestlandet, heretter kalla HVL, tok kontakt med forvaltar 15. mars 2022 for å høyre om moglegheit for utviding av tal snøscooterar som kan nyttast samstundes ved ferdigstillinga av feltarbeidet til det fleirårige forskingsprosjektet JOSTICE. HVL søkjer om løyve til å ta med totalt 7 snøscooterar i felt frå og med laurdag 19. mars og ut feltarbeidsperioden som det tidlegare er gitt løyve til (13. april 2022). Det opphavlge løyvet er på 6 snøscooterar totalt, men dersom HVL får løyve til å utvide tal snøscooterar i felt samstundes er det mogleg å konsentrere den motoriserte ferdsla i tid og ferdigstille bruk av snøscooter tidlegare enn planlagt. Forvaltar bad om at søknad blei sendt via e-post for vurdering av rask avklaring med bruk av delegert mynde.

HVL søkte så i e-post datert 15.03.2022 om utvida løyve for tal snøscooterar til radarmålingar. Det viser seg ei moglegheit for å konsentrere feltarbeidet meir i tid enn opphavlge planlagt, med 3 snøscooterar i aktivitet frå Styggevasshytta og 4 snøscooterar i aktivitet frå Steinmannen i same periode. Dette vil føre til ein kort periode med mykje aktivitet, 4-6 dagar køyring for georadarmålingar, og då vil alt radarfeltarbeidet med bruk av snøscooter for JOSTICE-prosjektet vere gjennomført.

HVL sitt gjeldande rammeløyve for helikopterlanding og snøscooterkøyring i JOSTICE-prosjektet:

HVL har eit rammeløyve som var gjeve 21. januar 2022 med bruk av delegert mynde. Løyvet gjaldt inntil seks snøscooterar totalt.

Frå saksprotokollen, styresak 8/22:

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt datert 7. september 2015 vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, å gje løyve til Høgskulen på Vestlandet v/ Mette Gillespie for motorisert ferdsle med snøscooter og landing med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.*
- 2. Løyvet gjeld for perioden 1. februar til og med 13. april 2022.*
- 3. Løyvet gjeld for tre lag à to scooterar, altså maks seks snøscooterar totalt, som skal følgje tidlegare vedtekne trasear.*
- 4. Totalramme for tal landingar med helikopter innanfor vernegrensa er sett til 40. Ramma skal dekke frakt tur/retur av seks snøscooterar, forskingsutstyr, proviant og mannskap.*
- 5. Primær landingsplass er Steinmannen, men dersom ein ikkje kjem seg fram med scooter over heile breen kan helikopteret lande med naudsynt utstyr sørvest for Bings gryte og nordaust for Lodalsbrekka for å fullføre datainnsamlinga samt for å losse av*



mannskap og forskingsutstyr ved utvalde utløpsbrear jf. prioritetsliste vedlagt søknaden.

6. *Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg uføresette tilfelle.*
7. *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg rapport i etterkant av feltarbeidet, og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr/spor/etc. undervegs.*

Dersom vanskelege vêrtilhøve eller andre forhold tilseier at løyvet treng ei mindre utviding i tid, rom eller omfang, kan forvaltninga vurdere dette etter delegert mynde.

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve, med unntak av at det er opna for motorferdsel frå 1. februar 2022 til og med 13. april 2022, og at totalramme for tal landingar med helikopter innanfor nasjonalparken er justert ned etter tidlegare gjennomførte flygingar i 2021. I tillegg opnast det for lågtflyging og landingar ved lokalitetar som lyt bestemmast i felt alt etter vêrhøve og prioritetsliste vedlagt søknaden, jf. saksutgreiinga.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve frå Luster, Sogndal, Gloppen, Sunnfjord og Stryn kommune, samt frå grunneigararar.

Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



Vurdering

I rammeløyvet datert 21. januar 2022 var det vist til at forvaltninga kunne vurdere ei mindre utviding i tid, rom eller omfang etter delegert mynde dersom vanskelege vêrtilhøve eller andre forhold tilsa dette. Nasjonalparkforvaltar syner til opphavleg rammeløyve for vurderingar lagt til grunn for rammer og vilkår sett i 2020.

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml § 8). Snøscooter er naudsynt hjelpemiddel til arbeidet (naturmangfaldlova § 12).

Det er sett vilkår for å avgrense motorferdsla i tid og rom (nml § 9), og ved å konsentrere motorferdsla mest mogleg i tid vurderer forvaltar dette mindre belastande for dyreliv enn langvarig snøscooterkøyring. Det er viktig at bruken av snøscooterane er effektiv (nml §§ 10 og 11). Løyvet er i utgangspunktet avgrensa i tid fram til friluftaktivitetane tek seg opp, og det er sett vilkår om at det skal takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer at utvidinga av tal snøscooterar samstundes i felt frå 6 til 7 i perioden 19/3 – 13/4/22 ikkje er i strid med verneføremålet, og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.



Arkivsaksnr: 2022/4877-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 29.03.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	14/22	25.04.2022

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Kattanakken - Skilting og sikringstiltak på sti

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjer, med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV punkt 1.3, 4.strekpunkt, følgjande vedtak:

Oldedalen utviklingslag får dispensasjon til følgjande sikringstiltak på den eksisterande stien til Kattanakken i Oldedalen:

- Etablering av fysisk sikring, i form av wire festa med boreboltar i fjell/stein, på to stader langs den eksisterande stien
- Etablering av små vegvisarvardar langs øvre del av stien, ovanfor Sauskorholten
- Setje opp eit informasjonsskilt ved Sauskorholten
- Rydde og ta ned rasstein og legge til rette ny sti gjennom steinraset nedanfor Sauskorholten

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Nøyaktig plassering av boltar og wire skal avklarast på staden i samråd med representant frå Statens naturoppsyn
- Boring og oppsetjing av wire skal utførast av Statens naturoppsyn i nært samarbeid med Oldedalen utviklingslag
- Utforming og plassering av informasjonsskilt skal godkjennast av sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
- Alle tiltak skal utførast så skånsamt som mogeleg for omgjevnadane og naturverdiane i området
- Det er ein føresetnad at Oldedalen utviklingslag vert eigar av sikringstiltaka og dermed ansvarleg for ettersyn og vedlikehald av sikringstiltaka
- Plassering av dei ulike tiltaka er vist i kart (figur 2) i saksutgreiinga.
- Sikringstiltaka skal gjennomførast innan 1.november 2022.



Dokument i saka:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen
- Naturmangfaldslova
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)
- Sårbarheitsvurdering Kattanakken, Oldeskaret og Sunndalen – NINA Rapport (2018)
- Rapport - Restaurering av patentrute, Kattanakken, Jostedalsbreen NP (2018)
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027
- Sak 2019/20221 - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – Kattanakken – kjettingar

Saksopplysningar

Stien frå Briksdalen til Kattanakken er ein del av den tradisjonelle breovergangen frå Briksdalen om Kvitesteinsvarden og Austerdalsbreen til Tungestølen i Luster kommune. Denne breovergangen er dei seinare åra blitt vanskeleg på grunn av at Austerdalsbreen har minka mykje. Det har likevel vore sterkt aukande interesse på stien frå Briksdalen til Kattanakken, då som toptur utan å gå på bre.



Figur 1 Oversiktskart Briksdalen og Kattanakken

Deler av stien er bratt og utsett og det har vore registrert fleire alvorlege fallulukker og nesten-ulukker på stien. Seinast i 2016 vart ei kvinne skadd og måtte hentast ut med helikopter. Etter dette vart det sett opp kjetting som sikring på staden der ulukka skjedde. Denne kjettingen vart seinare fjerna, sidan den var sett opp utan løyve frå nasjonalparkforvaltninga.



Lokale reiselivsaktører i Brikسدalen og representantar for Oldedalen utviklingslag har ved fleire høve uttrykt ønskje om at deler av stien mot Kattanakken må sikrast betre for å redusere faren for ulukker.

Oldedalen utviklingslag har og teke initiativ til utbetring av stien opp til Kattanakken, til dømes med «sherpatrappar». I 2018 utforma difor Utmarksressurs AS ein rapport med framlegg om tiltak for restaurering av Kattanakkstien. Rapporten tilrår eit større utbetningsprosjekt for heile stien, med ein samla kostnad stipulert til kr 3 250 000,-. Forslaget inneber opparbeiding av totalt 719 lengdemeter grus-sti, 702 lengdemeter trapp og 16 meter wire-sikring.

Nasjonalparkstyret fekk i 2018 utarbeidd sårbarheitsvurderingar for ferdsel for fleire stiar i nasjonalparken, mellom dei stien til Kattanakken. Norsk institutt for naturforskning (NINA) stod for utarbeidinga. I sårbarheitsvurdringa er det i samandraget m.a. sagt om stien til Kattanakken at:


«Det er registrert fleire typar sensitive einingar for vegetasjon. Bratt skråning med ustabil substrat er dominerande for både Kattanakken og For Kattanakken føreligg eit forslag om utbetring av stien (Utmarksressurs 2018), som vil endre karakteren og truleg bruken av denne stien, som tidlegare ikkje har vore tilrettelagt. Dei utfordrande partia i høve sårbarheit gjer at ein må tenkje seg om før ein lagar ein sti som trekkjer til seg fleire folk. ...Dyrelivet ser ut til å vere lite sårbart for ferdsel både ved Kattanakken og over Oldeskaret mot Haugadalen.»

Nasjonalparkforvaltarane var på synfaring på Kattanakkstien 30.juni 2021, for å vurdere eventuelle tiltak på Kattanakkstien. Med på synfaringa var Tom Dybwad, prosjektmedarbeidar ved Statsforvaltaren i Vestland og Jon Olav Kvamme, kjentmann og leiar av Oldedalen Utviklingslag. Ulike sikringstiltak vart drøfta og vurdert undervegs mot toppen av Kattanakken. Målsetjinga for tiltaka som vart vurdert var å gjere stien sikrare på enkelte punkt, ikkje å utbetre stien på ein måte som i seg sjølv trekkjer til seg fleire folk.

Fylgjande tiltak er etter forvaltarane si vurdering tilrådeleg å få på plass for å redusere faren for ulukker på Kattanakkstien:

1. Wire festa i berget med boreboltar. (Sikringspunkt 1 i figur 2)
2. Wire festa i berg med boreboltar og eventuelt eit par enkle trinn festa berg. (Sikringspunkt 2 i figur 2).
3. Informasjonsskilt på Sauskorholten – for å få folk til å vurdere å snu
4. Rydding av laus stein etter steinras i eit parti nedanfor Sauskorholten. Tilrettelegging av ny sti gjennom ura der steinraset har gått.
5. Små retningsvardar langs øvre del av stien, ovanfor Sauskorholten, for å halde folk på stien i større grad.

Forvaltarane har drøfta moglege sikringstiltak og utforming av desse med SNO. Nøyaktig plassering og utforming av sikringstiltaka skal avklarast på staden i samråd med representantar frå SNO.



Figur 2. Kartskisse som plasserer tilrådde sikringstiltak på stien til Kattanakkstien.



Figur 3 Viser sikringspunkt 1 (sjå figur 2). Kjettingen var sett opp utan løyve og er no tatt ned



Figur 4 Illustrasjonsfoto som viser feste for wire med borebolt i fjell



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i sin tiltaksplan for 2022 sett av ressursar til sikring av einiskilde punkt på Kattanakkstien, samt oppsetjing av nokre mindre vardar og skilting for å redusere faren for ulukker. Sidan alle tiltaka er innanfor nasjonalparkgrensa så må dei vurderast etter verneforskrifta.

Regelverket

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna (...) sprenging og boring (...) merking av stigar og løyper og liknande (verneforskrifta § IV, punkt 1.1).

I verneforskrifta punkt 1.3 står det:

Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til: (...)(4.strekpunkt)

- merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.


Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)

I forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark er stien Briksdalen - Kattanakken synt som *Varda sti* (stipla lilla linje) i kartvedlegg 5 (sjå utsnitt i figur 3). Stien startar i *Sone med spesiell tilrettelegging og inngrep* (rosa prikkar) før den går over i *Sone utan tilrettelegging og inngrep* (store grøne prikkar).

I forvaltningsplanen står det under punktet *Varda stiar* at: *Berre varding (av stein, utan raudmaling, ingen skilt) av stiar er eit mindre inngrep enn merking. Følgjande stader kan det vere aktuelt med varding, særleg forbi vanskelege stader: ...Briksdalen – Kattanakken....*

Under punktet *Sikringstiltak* på side 53 i forvaltningsplanen står det følgjande:

«Sikringstiltak representerer varige inngrep i landskapet, og ein bør vere restriktiv med slike inngrep som må ha dispensasjon frå verneforskrifta. Retten til fri ferdsel i utmark føreset at denne ferdsla skjer på eige ansvar. Likevel er det nokre sikringstiltak som peikar seg ut, og nokre stader som peikar seg ut med omsyn til sikringstiltak. Ein varde for å markere utgang frå breen på vanskelege og mykje nytta ruter som t.d. Kvitesteinvarden på veg ned til Austerdalsbreen er eit slikt tiltak. Det same gjeld boltar og streng på den same ruta opp mot Kvitesteinsvarden. Alle framlegg til sikringstiltak vil bli vurdert konkret med omsyn til nytten i høve til omfanget av inngrepet.»



Figur 5 Utsnitt fra Forvaltningsplan - vedlegg 5 kart

Vurdering

Mindre tilretteleggingstiltak som oppsetjing av wire på to særleg utsette stader for å redusere faren for alvorlege ulukker på stien, utan å samstundes leggje til rette for auke i trafikken, vil etter sakshandsamar si vurdering ha stor nytte i høve storleiken på inngrepet i naturen. Inngrepet vil medføre boring i fjell for feste av boltar som wiren skal festast i. Borehola vil vere irreversible inngrep.

Oppsetjing av små retningsvardar på ein eksisterande sti, som i forvaltningsplanen er nemnt som «varda sti», er etter sakshandsamar si vurdering i tråd med verneforskrifta og forvaltningsplanen og krev difor ikkje dispensasjon frå verneforskrifta.

Det bratte terrenget, lengde på stien, stor høgdeskilnad og utforming av stien gjer at langt frå alle som kjem til Brikسدalen bør prøve seg på turen til Kattanakken. Det er difor viktig at all tilrettelegging av og informasjon om stien vert utforma slik at berre folk som er godt skikka legg ut på denne turen, og berre i bra vær. Det kan vere utfordrande å nå ut med informasjon til alle, då det i Brikسدalen kjem svært mange turistar årleg. Ein svært stor del av turistane som kjem til Brikسدalen har dårlege føresetnader for å gå på Kattanakken, både når det gjeld utstyr og kompetanse. Men det kjem og ein god del folk som primært kjem for å gå til Kattanakken som ein toptur.

Eventuelle sikrings- og tilretteleggingstiltak bør utformast på ein måte som ikkje gjer turen til Kattanakken meir freistande enn den allereie er for mange. Det er og viktig å utforme all informasjonen om stien på ein måte som gjer at berre dei med føresetnader for å klare det legg ut på denne topturen. I tillegg til å informere godt om utfordringane ved starten av stien til Kattanakken, vil utforminga av stien i den nederste delen og kunne vere med på å redusere mengda folk som legg ut på turen mot Kattanakken. Når turistar med dårleg fottøy



møter ein smal, steinete og urete sti vil dei vonleg snu, særleg dersom dei er godt informert om/advart om at stien er bratt og luftig. Å ikkje leggje til rette for godt i dei nedste delane av stien, kan difor vere eit tiltak for å sile ut personar som ikkje bør leggje ut på turen mot Kattanakken.

Stien til Kattanakken vil truleg merke eit aukande press av fotturistar uansett kva tiltak som vert gjort i høve informasjon og fysiske tiltak på stien. Det er viktig å informere alle som vil prøve seg på stien om utfordringane den byr på, særleg i vått vær, slik at færre av dei som tar ut er dårleg skodd, i dårleg form eller prøver seg i usikkert vær. Det meste av informasjonen bør gjevast ved starten av stien, nede i Briksdalen, men det vil og vere bra å kunne informere på Sauskorholten, der stien vert brattare og meir utsett, slik at fleire vurderer å snu der. Sauskorholten er eit flott utsiktspunkt og kan vere eit naturleg turmål for mange.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal liggje til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynd.

Når det gjeld krav til kunnskap om naturmangfaldet i naturmangfaldlova sin §8, vurderer sekretariatet kunnskapen om naturmangfaldet til å vere god. Det er i Naturbase ikkje registrert naturtypar eller artar som er sårbare for ferdsel. NINA har i sin sårbarheitsvurdering for ferdsel registrert lengre parti med sensitive einingar, som er sårbar for trakk.

Dersom det vert auka trafikk på stien mot Kattanakken kan det på sikt vere trong for tiltak for å ta vare på sensitive naturtypar langs stien. Dei små sikringstiltaka som her vert drøfta vil truleg i seg sjølv ikkje medføre auka trafikk, og dermed ikkje medføre auka slitasje på sensitive naturtypar.

Sekretariatet vurderer at kunnskapsgrunnlaget er godt i denne saka, slik at føre-var-prinsippet i nml §9 får mindre vekt. Likevel er det viktig at det vert teke særlege omsyn til naturverdiane i området ved plassering og utforming av sikringstiltaka. SNO skal vere med når sikringstiltak vert nøyaktig plassert og utforma i terrenget.

Prinsippet i nml § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Forvaltar vurderer at sikring med oppsetjing av wire på to punkt høgt oppe på stien ikkje vil føre til negative konsekvensar for ein skilde artar eller økosystem, sidan desse sikringstiltaka i seg sjølv ikkje vil trekkje fleire turgåarar til Kattanakken. Tilrettelegging med små retningsvisarvardar vil mest truleg vere positivt for artar og økosystem, sidan ferdselen vonleg vert kanalisert til eit stittrakk. Vidare vil kanaliseringa føre til sikrare tilhøve for folk ved at ein unngår fleire trakk og «villstiar» som kan lede turgåarar ut i potensielt farlege situasjonar. Oppsetjing av informasjonsskilt ved Sauskorholten vil vonleg kunne redusere trafikken vidare oppover Kattanakken, og dermed redusere belastninga på eventuell sårbar vegetasjon vidare oppover fjellet. Rydding og enkel tilrettelegging av stien gjennom rasområdet nedanfor Sauskorholten er viktig for sikkerheita til turgåarar og vil truleg ikkje vere negativt for artar og økosystem.

Nml §11 om at *kostnadane ved miljøforringelse skal berast av tiltakshavar* er lite aktuell i denne saka, då sikringstiltaka det her er snakk om etter sakshandsamar si vurdering ikkje medfører skade på naturmangfaldet.



Nml § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar tilseier at all transport av materiell til sikringstiltaka skal skje manuelt ved bæring. Feste av wire og skilt til berg/stein må gjerast med på ein haldbar og sikker måte, og berre miljøvenlege og haldbare materialar, som stein (vardar) og stål (sikring) må nyttast.



Arkivsaksnr: 2022/4022-0
Sakshandsamar: Marthe Gjerde
Dato: 30.03.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	15/22	25.04.2022

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - rettleiar for bruk av kommersiell logo i Jostedalsbreen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret godkjenner dokumentet *Rettleiar – søknad om bruk av kommersiell logo i Jostedalsbreen nasjonalpark*. Nasjonalparkstyret handsamar og godkjenner søknader om bruk av kommersiell logo i tråd med denne rettleieren.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rettleiar – søknad om bruk av kommersiell logo i Jostedalsbreen nasjonalpark
- Designmanual for Norges nasjonalparker - <https://designmanual.norgesnasjonalparker.no/kommersielt-merke/retningslinjer>

I designmanualen for Norges nasjonalparker er det opna opp for at verksemder med geografisk tilknytning til ein nasjonalpark, og i enkelte høve andre verneområde, kan søkje om løyv til å bruka eit spesiallaga merke. Dette merket skal brukast saman med verksemda sin eigen logo.

Miljødirektoratet har utarbeidd eigne retningslinjer for søknad om kommersiell bruk av merkevara Norges nasjonalparker. Det er nasjonalparkstyret som skal handsame og godkjenne søknader frå verksemder med geografisk tilknytning til Jostedalsbreen nasjonalpark.



Vurdering

Utkast til Rettleiar for bruk av kommersiell logo i Jostedalsbreen nasjonalpark ligg som vedlegg til denne saka. Rettleiaren vert lagt fram for godkjenning i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Rettleiar til søknad om bruk av kommersiell logo for Jostedalsbreen nasjonalpark

Kommersiell bruk av merkevara Norges nasjonalparker

Det er lagt til rette for at verksemdar med geografisk tilknytning til ein nasjonalpark eller større verneområde kan søkje om løyve til å bruke eit spesiallaga merke som viser tilknytninga til verneområdet. Merket skal brukast saman med logo for eiga verksemd i marknadsføringa av eit produkt, ei teneste eller ein aktivitet. Merket er ikkje eit kvalitetsstempel, og representerer ikkje nokon form for godkjenning, finansiering eller anna støtte frå nasjonalparken eller forvaltningsmyndet. Det er ein kvalitet i seg sjølv å ligge i nærleiken av ein nasjonalpark, og det er dette vi ynskjer at di bedrift skal kunne nytte godt av. Merket er gratis å bruke, men du må søkje nasjonalparkstyret om løyve til bruk.

Kven kan bruke det kommersielle merket for Jostedalsbreen nasjonalpark?

Du kan søkje om å få bruke det kommersielle merket for Jostedalsbreen nasjonalpark dersom

- du driv kommersiell, frivillig eller anna type verksemd i eller ved nasjonalparken
- produktet du tilbyr kjem frå nasjonalparken
- du arrangerer ein aktivitet i eller ved nasjonalparken

Produktet/tenesta du tilbyr bør

- vere miljøvennleg
- vere kjenneteikna av kvalitet, gode råvarer og godt handverk
- tilby informasjon om Jostedalsbreen nasjonalpark, direkte eller indirekte
- ha opphav i lokalt næringsliv
- ha ein «eigenart» for Jostedalsbreen nasjonalpark

Nasjonalparkstyret kan gje godkjenning til fleire produkt/tenester i same kategori dersom dei innfrir kriteria. T.d. gaida turar eller saueskinnsfellar frå ulike leverandørar.

Ulike logoar

Det er tre alternative merker. Du får ei fil med logoen til Jostedalsbreen nasjonalpark etter godkjenning.

Figuren under viser døme på dei tre alternative merka:



Figuren syner døme på dei tre kategoriane som kan søkjast: Kategori opphav, kategori aktivitet og kategori lokalisering.

Korleis kan eg bruke merket?

Du kan eksempelvis bruke merket som klistremerke i butikkvindauge, i program eller brosjyrar, på nettstadar, i e-post og på plakatar. Merket skal alltid brukast saman med verksemda sin eigen logo.

Kva er kriteria for bruk?

Det kommersielle merket må ikkje brukast på ein måte som kan skade omdømet til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre eller Norges nasjonalparker, eller på ein måte som strid mot nasjonalparken sine retningslinjer eller formål. Du kan lesa verneforskrift og retningslinjer her: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Jostedalsbreen/publikasjoner>.

Det er ikkje lov å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer utan følgje av verksemda din eigen logo, som t.d. på brevhovud eller på emballasjen for eit produkt. Det må alltid gå klart fram kven verksemda bak produktet eller tenesta er, at dette ikkje er eit nasjonalparkprodukt eller -teneste, og at det ikkje er eit nasjonalparkgodkjent produkt eller teneste.

Nasjonalparkstyret kan trekke tilbake ei godkjenning dersom produktet ikkje lenger innfrir kriteria eller dersom godkjenninga blir misbrukt.

Miljødirektoratet tilrår i tillegg å følgje kriteria for berekraftige reisemål, som er ein nasjonal sertifiseringsordning. Meir info om den finn du her:



<https://business.visitnorway.com/no/verktøy/merket-for-baerekraftig-reisemaal/>.

Kvifor må eg signere ei avtale?

Logoen for Norges nasjonalparker er ein verdifull ressurs, og eit beskytta varemerke, dette gjeld også det kommersielle merket.

Det er viktig å handheve riktig bruk til fordel for alle som ynskjer å knyte verksemda si til Norges nasjonalparker. Misbruk kan øydelegge verdien for alle som brukar merket. Det må derfor signerast ein forpliktande avtale med nasjonalparkstyret for bruk av merket.

Gjennom avtalen anerkjenner du kriteria for bruk og bind deg til å bruke merket respektfullt, hensiktsmessig og etter retningslinjene.

Berre dei som har søkt om og fått løyve til å bruke merket, kan gjere det.

Får eg merket til odel og eige?

Det er Jostedalsbreen nasjonalparkstyre som avgjer varigheita for retten til bruk av merket. Du kan søkje om å bruke merket for ei tidsavgrensa hending, eller for eit produkt eller ei teneste over lengre tid.

Korleis søkjer eg?

Dersom du etter å ha lest innhaldet i dette dokumentet ønskjer å søkje om å bruke det kommersielle merket for Jostedalsbreen nasjonalpark, kan du fylle ut og signere skjemaet du finn her:

[Last ned søknadsskjema](#)

Skjemaet sender du til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Adresse:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
v/Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

E-post: sfvlpost@statsforvalteren.no

Viss nasjonalparkstyret godkjenner søknaden din vil du få tilsendt merket i høg oppløysing, på ulike språk og i ulike filformat. Du vil og få tilsendt ei signert avtale og retningslinjer om korleis du bruker merket.